



Arkivnr: 2014/10189-35
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		04.12.2014

Prinsipp for godtgjersle for styreverv

Samandrag

Fylkeskommunen har eigarrepresentasjon i mange typar selskap, med varierende eigarpost. Det som er felles er at fylkeskommunen ikkje har retningslinjer for korleis godtgjersle for styreverv skal fastsetjast. Dette gjeld enten fylkeskommunen er mindretalsaksjonær eller eineigar. Fylkesrådmannen rår til at det vert utarbeidd nærmare retningslinjer for korleis godtgjersla for styreverv bør fastsetjast. det vil kunna skapa meir likskap mellom selskap i same bransje, og det vil vera meir føreseieleg kva kompensasjon ein vil få for arbeidet ein tek på seg i eit styreverv.

Forslag til vedtak

Det vert utarbeidd retningslinjer for godtgjersle for verv i styre der fylkeskommunen er aksjonær.

Sak om retningslinjer skal leggjast fram for fylkestinget i god tid før fylkestingsvalet 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.11.2014

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har styrerepresentasjon i ei rekkje selskap. Eigardelen varierer sterkt og det same gjer godtgjersla til styremedlemene. Det er ikkje heilt lett å sjå grunngevinga for dei store skilnadane. Det kan vera meir eller mindre tilfeldig at det er blitt slik så lenge fylkeskommunen ikkje har utarbeidd nærmare retningslinjer for godtgjersle til styreverv.

Under er det gitt ei oppstilling av styrehonorar for selskap der fylkeskommunen er aksjonær eller har ein plass i styret. Som det kjem fram er det store skilnader. T.d. varierer godtgjersla i bompengeselskap mellom kr 12.000 og kr 70.000 (Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap som er under avvikling har høgast honorar). Dette er selskap der fylkeskommunen jamt over har aksjemajoriteten.

Også i arbeidsmarknadsbedriftene er skilnadane store. Men det er ikkje like lett å samanlikna godtgjersla då det er ulikt korleis det er oppgitt i protokollar/rekneskap, samla for styret eller for det enkelte vervet. Fylkeskommunen sin eigardel varierer her frå 13,7 % (Norheimsund Industrier AS) til 100 % (Beredt AS).

Prinsipp for godtgjersle

Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse (NUES) gir ut Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse. Under punkt 11. *Godtgjørelse til styret* er det vist til fleire moment som bør trekkjast fram når ein skal fastsetja generelle prinsipp for godtgjersle for styreverv:

- Godtgjersla bør reflektera styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksitet i verksemda.
- Godtgjersla til styret bør ikkje vera resultatavhengig.
- Styremedlem, eller selskap som dei er knytte til, bør ikkje ta på seg særskilde oppgåver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dette er grunngeve med behovet for at styremedlemene skal vera uavhengig i forhold til den daglege leiinga. Dersom dei likevel tek på seg slike oppdrag, bør heile styret vera informert. Honorar for slike oppgåver bør godkjennast av styret.
- Behovet for spisskompetanse kan krevja at ein må akseptera ei høgare godtgjersle for å få inn personar med den rette kompetansen.
- Styreleiar bør honorerast særskilt.

Når styret gir innstilling til generalforsamlinga om godtgjersle til styret, bør innstillinga grunnjevast ut frå relevante prinsipp. Ved behandling av godtgjerslesak i generalforsamlinga, vil fylkeskommunen vera avhengig av tilslutnad frå andre aksjonærer når fylkeskommunen ikkje har aksjemajoriteten. Det burde la seg gjera å koma til semje om nivå dersom ein har gode grunngevingar basert på allment aksepterte prinsipp.

Om Bergen kommune si ordning

I Bergen kommune kan aktive bystyremedlemmer veljast til styra for arbeidsmarknadsbedriftene og dei kommunale føretaka. Verken bystyrerepresentantar, byrådar eller politiske sekretærer kan veljast til styre eller bedriftsforsamling i aksjeselskap elles der kommunen har eigarinteresser.

For styreverv i arbeidsmarknadsbedrifter/kommunale føretak er godtgjersla nedfelt i reglement. Det er sett opp fem honorargrupper der godtgjersla er fastsett for styreleiar, medlem og varamedlem.

Arbeidsmarknadsbedriftene (aksjeselskap) er plassert i gruppe 3. Her har styreleiar kr 16.160 pr. år, styremedlem har kr 13.980 pr. år og varamedlem får kr 1090 pr. møte.

Godtgjersle for verv i aksjeselskap utanom arbeidsmarknadsbedriftene følgjer ikkje same reglementet. Her hentar kommunen inn oversikt over kva som er normale honorar i bransjen. Nivået her er ein del høgare enn godtgjerslene som er reglementsfasta. Det er opplyst at honoraret skal gjenspegla styreansvaret. Som døme er nemnd kr 100.000 til styreleiar pr. år og kr 40.000 pr. år + kr 4.000 – 5.000 pr. møte til styremedlemmer.

Honorara vert regulerte kvart år. Kommunen har ikkje teikna forsikring for styreansvaret.

Vurdering og tilråding

I inneverande valperiode kan fylkestingsrepresentantane veljast til styreverv i alle typar selskap der fylkeskommunen kan vera representert. Dersom ein legg opp til å henta inn styrerepresentantar utanfrå kan det vera at det blir nødvendig å gi honorar som ligg på eit høgare nivå enn i dag for å få den kompetansen ein er ute etter. I vurderinga av nivå bør ein også ta med at fylkeskommunen har teikna forsikring for styreansvar.

Når det er tatt stilling til korleis ein frå neste valperiode vil rekruttera styrerepresentantar, bør det vurderast kva nivå ein ønskjer for godtgjersla. Det kan vera at ein skal ha differensierte satsar etter kva bransje det er tale om. NUES sine moment for kva som bør vektleggast, bør danna utgangspunktet.

GODTGJERSLE I SELSKAP MED FYLKESKOMMUNALT EIGARSKAP/REPRESENTASJON

Selskap	Eigar- del %	Leiar	Nestleiar	Medlem	Vara	Møtegodt- gjersle (MG)	Styret samla	Tapt arbeids- for./reiseutg.	Merknad
Samferdsel / bompengeselskap									
Askøy bompengeselskap AS	60								Ingen gen.f. 2014
Austevoll Bruselskap AS	51	12.000	6.000	2.500		700			
Bergen bompengeselskap AS	100						141.700		
Bergen-Os Bompengeselskap AS	52						131.500		
Bømlo Vegselskap AS	53,34	60.000	35.000	25.000	2.000/møte			Tapt arb.for.	
Fastlandssamband Halsnøy AS	52,63	20.000 + MG	6.825 + MG	6.825 + MG	1.500	1.000			
I/S Fjordvegen							32.000		
Hardangerbrua AS	53,33	50.000		1.500/møte					
E134 Haukelivegen AS	3	15.000		6.250	1.000/møte			Tapt arb.for.	
Jondalstunnelen AS	52	25.000		7.500	1.500/møte			Tapt arb.for.	
Kvam bompengeselskap AS	53,33	50.000	25.000	15.000	2.000/møte				
Nordhordlandspakken AS	40						131.000		
Odda Vegfinans AS	52	15.000		6.250	1.000/møte			Tapt arb.for.	
Osterøy Bruselskap AS	14,3	30.000 + MG	15.000 + MG	5.000 + MG	1.500/møte	1.500			Under avvikling
I/S Rv 7									
Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS	61,78	70.000	40.000	25.000	2.500/møte				Under avvikling
Sunnhordland Lufthamn AS	21	83.660		15.000	1.500/møte				
AL Vikafjellsvegen	20								
Voss og omland bompengeselskap AS	57,14	55.500	19.250	16.700	2.260/møte				
Bybanen AS	100	90.000	45.000	30.000	716				
Arbeidsmarknadsbedrifter									
Norheimsund Industrier AS	13,7								
Nordhordland Industriservice AS	17,7						120.000		
AS Storeholmen VTA	36,4						8.500		
Kveik AS	25,46	68.000		23.000					
Opero AS	16,6	34.000 + MG	17.000 + MG	4.000/møte					
Beredt AS	100	45.000 + MG	25.000 + MG	18.000 + MG					

Selskap	Eigar- del %	Leiar	Nestleiar	Medlem	Vara	Møtegodt- gjersle (MG)	Styret samla	Tapt arbeids- for./reiseutg.	Merknad
Næringsverksemd									
Innovasjon Norge		281.000	168.000	140.000					
Kommunekraft AS	0,3	22.200		1.700/dag					
Valen Kraftverk AS	100	1.432/møte		716/møte					Tilsette
Atheno AS	7,96	60.000 + MG		8.000		2.000			
BKK AS	0	196.000	134.000	110.000	3.800/møte				
Business Region Bergen	35	100.000	75.000	50.000					
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	9,7	20.000		15.000					
Vest-Norges Brusselkontor AS		31.070		25.890	1.090/møte				B.k. honorar
Kulturfeltet									
Bergen Vitensenter AS	19								Kr 0,- i 2013
Biblioteksentralen AL	0,8	107.000	52.200	33.800	2.600/møte				
Carte Blanche AS	15	63.500	32.500	3.300/møte					
Griegghallen IKS	50								B.k. honorar
Hordaland Teater LL	60	50.000 + MG	25.000 + MG	1.000/møte		1.000		Tapt arb.for.	
Moster Amfi og Kyrkjehist. Senter AS	50						40.100		
Eigedom									
Bystasjonen AS	100	1.432/møte		716/møte					Tilsette
Strandgaten 195 AS	100	1.432/møte		716/møte					Tilsette
HFK Bussanlegg AS	100	1.432/møte		716/møte					Tilsette
AS Strandgaten 196	33	18.000		9.000	2.500/møte				



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Administrasjonsseksjonen
- Org avd